



# Høgskulen på Vestlandet

## Profesjonsfag 4: Bacheloroppgave

FM3-BAC-15

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	05-05-2022 09:00	<b>Termin:</b>	2022 VÅR
<b>Sluttdato:</b>	19-05-2022 14:00	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Bacheloroppgave		
<b>Flowkode:</b>	203 FM3-BAC-15 1 OM-1 2022 VÅR		
<b>Intern sensor:</b>	(Anonymisert)		

### Deltaker

<b>Naun:</b>	Anna Nøstbakken
<b>Kandidatnr.:</b>	408
<b>HVL-id:</b>	587293@hvl.no

### Informasjon fra deltaker

<b>Tittel *:</b>	Musikkglede frå skulekorps til vaksenliv
<b>Antall ord *:</b>	9422

**Egenerklæring \*:**  Ja **Jeg bekrefter at jeg har**  Ja  
registrert  
oppgavetittelen på  
norsk og engelsk i  
StudentWeb og vet at  
denne vil stå på  
vitnemålet mitt \*:

**Jeg godkjenner autalen om publisering av bacheloroppgaven min \***

Ja

**Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \***

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \*

Nei



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Musikkglede frå skulekorps til vaksenliv

Joy in music making from school wind

band to adulthood

**Anna Nøstbakken**

FM3-BAC-15

FLKI / Institutt for kunstfag / Faglærer i musikk

Høgskulen på Vestlandet

Rettleiar: David Thorarinn Johnson

Innleveringsdato: 19.mai 2022

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## Samandrag

I denne bacheloroppgåva har eg undersøkt kva som gjer at skulekorpsmusikantar klarar å bevare spelegleda og fortsette med musikken vidare til vaksenlivet. I forskinga har eg hatt fokus på informantane sin identitet, og korleis dei har utvikla sin identitet som vaksen korpsmusikant. Eg har brukt ein kvalitativ forskingsmetode for å svare på problemstillinga: *Kva er det som kan ha motivert tidlegare skulekorpsmusikantar til å utvikle ein identitet som vaksen korpsmusikant?*

I oppgåva viser eg til Erik Homburger Erikson sin teori om personlegdomsutvikling, Jane W. Davidson og Karen Burland si forskning på unge musikantar og korleis deira avgjerder blir påverka av deira identitet, Sigbjørn Hjelmbrekke og Ola K. Berge si forskning om fråfall av tenåringar frå musikkorps, og Ellen Marie Sundby Bredesen si forskning om kva som er eit vellukka skulekorps.

Eg har gjennomført to fokusgruppeintervju med tre informantar i kvar gruppe. Det som kom fram i intervju, var at foreldre hadde ei veldig stor påverking på om borna i det heile tatt ville begynne i skulekorpset, men og på om dei faktisk ville fortsette med musikken. Det å få nok utfordring i korpset, var og noko som kunne gje ein stor motivasjon til musikantane. Dette gjaldt både gjennom det å få nok utfordring gjennom repertoar, men og det å få læra vekk og vise fram musikken til andre. I tillegg fortalte informantane at det å få inspirasjon gjennom andre gav ein stor motivasjon. Her kom det fram at samarbeid mellom skulekorps og vaksenkorps kan vera ein god plass å skaffe inspirasjon til musikantane. Korpsturar, sosiale aktivitetar og marsjeringar var og noko som informantane satt veldig pris på i skulekorpset, og som gav ein stor motivasjon til å fortsette å utvikle ein identitet som vaksen korpsmusikant.

Føremålet med forskinga var å finne nokre faktorar som er avgjerande for at elevar skal ønske å ha eit utøvande forhold til musikk vidare i livet. Fellesfaktorar som kan ha påverka motivasjonen, kan mogleg bli ein del av ei oppskrift på eit vellukka skulekorps. Håpet mitt med denne forskinga, er at eg og andre kan få brukt forskinga til fordel i planlegging av eiga undervisning.

# Innholdsliste

<b>Samandrag</b> .....	<b>1</b>
<b>1: Innleiing</b> .....	<b>4</b>
1.1: Bakgrunn .....	4
1.2: Avgrensing av tema og problemstilling .....	4
1.3: Føremål .....	5
<b>2: Teori</b> .....	<b>5</b>
2.1: Erikson sitt femte og sjette psykososiale stadium .....	5
2.1.1: Identity versus role confusion .....	6
2.1.2: Intimacy versus isolation .....	7
2.2: Tripartite model of professional music performer success .....	7
2.3: Tidlegare studentforskning .....	9
<b>3: Metode</b> .....	<b>11</b>
3.1: Kvalitative eller kvantitative forskingsmetodar.....	11
3.2: Val av metode .....	12
3.3: Undersøkjingsdesign .....	12
3.4: Utvalsramme.....	13
3.5: Val av informantar .....	13
3.6: Gjennomføringsmetode .....	14
3.7: Analyse av datamaterialet .....	14
3.8: Forskingsetikk og personvern.....	15
<b>4: Resultat</b> .....	<b>15</b>
4.1: Familie og venner .....	16
4.2: Dirigenten.....	17

4.3: <i>Utfordring og rollemodell</i> .....	18
4.4: <i>Samspel og samarbeid</i> .....	19
4.5: <i>Speglede</i> .....	20
<b>5: Drøfting</b> .....	<b>22</b>
5.1: <i>Støtte frå foreldre</i> .....	22
5.2: <i>Nok utfordring til å meistre</i> .....	23
5.2.1: <i>Utfordring i skulekorpset</i> .....	23
5.2.2: <i>Utfordring i vaksenkorps</i> .....	24
5.3: <i>Å utvikle ein musikalsk identitet</i> .....	25
<b>6: Avsluttande tankar og refleksjonar vidare</b> .....	<b>26</b>
6.1: <i>Oppsummering</i> .....	26
6.2: <i>Til vidare forskning</i> .....	28
<b>Kjeldeliste</b> .....	<b>30</b>
<b>Vedlegg 1</b> .....	<b>31</b>
<b>Vedlegg 2</b> .....	<b>32</b>

# 1: Innleiing

## 1.1: Bakgrunn

Eg er frå ei øy på Vestlandet som heiter Bømlo. Her spelte eg i eit av skulekorpsa frå eg var seks år til eg vart for gammal då eg gjekk ut frå vidaregåande skule. Mitt skulekorps klarte seg godt med tanke på besetning då eg var medlem, men dei andre skulekorpsa på øya sleit meir. Fleire skulekorps vart nøydd til å slå seg i saman for å få nok musikantar i korpset, andre vart nøydd til å gå frå janitsjarkorps til brassband på grunn av for lite treblåsarar. Kva kan vera grunnen til at nokre skulekorps mangla musikantar? Var det rekruttering av nye medlemmar som var problemet, eller var det at ungdommar vart lei av musikken og slutta i skulekorpset?

Etter vidaregåande skule begynte eg på brassband-linja på Manger folkehøgskule. Her hadde eg eit vindaug frå rommet ned til barneskulen. Eg observerte fleire born som gjekk rundt med ei instrumentkasse i handa. Mogleg var det opp mot halvparten av borna som spelte eit instrument. Kva har det seg at så mange born spelte eit instrument på Manger? I min klasse på ungdomsskulen var me fem av 40 elevar som spelte i skulekorpset. Kva kan vera årsaka til at så mange fleire elevar har interesse for skulekorps på Manger? Kan ei årsak vera at dei har så mange gode vaksenkorps i nærleiken? Kan det vera til inspirasjon for borna, eller har mange elevar foreldre som sjølv spelar eit instrument? Er rekrutteringa på Bømlo for dårleg, eller har dirigentane på Manger fleire triks i ermet? Mi eiga speglede frå skulekorpset har ført meg vidare til ei utdanning innan musikk. Eg ønskte difor at mi bacheloroppgåve skulle ha eit tema innan skulekorps. Ut i frå spørsmåla ovanfor, har eg prøvd å avgrensa temaet til ei forskingsoppgåve eg meiner er relevant for faget.

## 1.2: Avgrensing av tema og problemstilling

Som nemnt har eg fleire spørsmål eg kunne ønskt å undersøke innan skulekorps. I denne forskinga har eg undersøkt kva som kan ha påverka vaksne korpsmusikantar til å fortsette med musikken vidare ut frå skulekorpset. I forskinga har eg hatt fokus på informantane sin identitet, og korleis dei har utvikla sin identitet som vaksen korpsmusikant. Eg ønskte og å sjå på kva motivasjonsfaktorar som kan ha påverka informantane til å fortsette med

korpsmusikken. Temaet i denne oppgåva vart då å utvikle ein identitet frå skulekorpsmusikant til vaksen korpsmusikant. Eg ønskte å ha fokus på speglede i undersøkinga av kvifor informantane valte å ta musikkinteressa med seg inn i vaksenlivet i form av arbeid eller hobby.

Problemstillinga mi i denne oppgåva vart då:

*Kva er det som kan ha motivert tidlegare skulekorpsmusikantar til å utvikle ein identitet som vaksen korpsmusikant?*

### 1.3: Føremål

I løpet av denne forskinga ønskte eg å finne fellestrekk ved informantane om kva som var avgjerande for at dei fortsette med korpsmusikken. Dei eventuelle fellestrekkane kan ein då bruke i arbeidet som dirigent og musikkpedagog, for å motivera elevar til å fortsette med musikken. Føremålet var å finne nokre faktorar som er avgjerande for at elevar skal ønske å ha eit utøvande forhold til musikk vidare i livet. Om eg fann nokre fellesfaktorar som kan påverka motivasjonen, kan desse fellesfaktorane mogleg bli ein del av ei oppskrift på eit vellukka skulekorps. Håpet mitt med denne forskinga, er at eg og andre kan få brukt forskinga til fordel i planlegging av eiga undervisning.

## 2: Teori

### 2.1: Erikson sitt femte og sjette psykososiale stadium

Erik Homburger Erikson (1902-1994) var ein psykolog som var opptatt av barn og unge si utvikling, og særleg ungdommar sine problem. Han er særleg kjent for sin teori om personlegdomsutvikling, som me kallar for Erikson sine psykososiale stadium. I følgje Erikson utviklar menneske sin personlegdom gjennom åtte ulike fasar, knytt til bestemte alderstrinn, som inneheld ulike krisar og moglegheiter (Brønstad & Hårberg, 2020). I forhold til mi problemstilling, tenkjer eg at den endelege avgjerda om å gå vidare med fritidshobbyen, vil skje i ungdomsalderen og i perioden der ungdom blir til vaksen. Her tenkjer eg at Erikson sitt femte psykososiale stadium om identitetsutvikling vil vera relevant. Nokon vel kanskje og å



ta ein pause frå hobbyen i nokre år, og deretter begynne på igjen i vaksen alder. Eg vil difor og ta utgangspunkt i Erikson sitt sjette stadium.

### 2.1.1: Identity versus role confusion

Erikson sitt femte stadium heiter «identity versus role confusion», altså identitet og rolleforvirring. Dette stadiet er plassert i aldersintervallet 12 til 18 år. Det fyrste Erikson skriv om i det femte stadiet, er at:

*The growing and developing youths... are now primarily concerned with what they appear to be in the eyes of others as compared with what they feel they are, and with the question of how to connect the roles and skills cultivated earlier with the occupational prototypes of the day. (Erikson, 1993, s. 235).*

I denne fasen av personlegdommen begynn altså ungdom å bry seg om kva andre tenkjer om dei, og korleis dei kan passe inn i dei ideale rollene i samfunnet. I følge Erikson (1993) blir ungdommane i denne fasen opptatt av å danne grupper og lage stereotypiar, samt teste kvarandre sin lojalitet til si eiga identitet. Dette kan me kjenne igjen i det kjente uttrykket blant ungdommar om «å vera 100% seg sjølv».

I følge Erikson (1968) er ungdommar i denne fasen særst redd for kva andre ungdommar tenkjer om seg sjølve, og spesielt redd for å dumme seg ut framfor jamnaldrande. Han skriv blant anna at ungdommen:

*... is mortally afraid of being forced into activities in which he would feel exposed to ridicule or self-doubt (...) he would rather act shamelessly in the eyes of his elders, out of free choice, than be forced into activities which would be shameful in his own eyes or in those of his peers. (Erikson, 1968, s. 129)*

Det er altså ikkje like viktig å tilfredsstille og få respekt frå dei vaksne, men heller gjera det ein kan for å passe saman med dei jamnaldrande.

*... in the social jungle of human existence there is no feeling of being alive without a sense of identity (Erikson, 1968, s. 130).*

### 2.1.2: Intimacy versus isolation

Informantane mine i dette forskingsprosjektet vil vera mellom 18 og 40 år, noko ein kan lese om i metodekapitlet. Dette er og aldersintervallet i Erikson sitt sjette psykososiale stadium. Mens det femte steget handla om seg sjølv og eiga identitet, skal det sjette steget handla om å utvikle eit forhold til andre personar, og å velja kven ein vil ha rundt seg. Dette steget i mennesket sin identitetsutvikling kallar Erikson for «intimacy versus isolation». Erikson beskriv «intimacy» blant anna som: *“the capacity to commit himself to concrete affiliations and partnerships and to develop the ethical strength to abide by such commitments, even though they may call for significant sacrifices and compromises”* (Erikson, 1993, s. 237). I dette steget skal altså mennesket læra å gå vekk frå det egosentriske, og heller fokusera på å byggje relasjonar og skape tillit til dei rundt seg.

I følge Erikson (1993) er ein sterk personleg identitet ekstremt viktig for å kunne utvikle sterke relasjonar med andre. Difor byggjer dette sjette steget mykje på suksessen ved det femte steget til Erikson. Om mennesket til dømes ikkje har klart å byggje ein like sterk identitet som ønskeleg, kan han ofte vera utrygg på å byggje relasjonar til andre, då dei andre identitetane ein møter kan utfordre den allereie svake identiteten. Det som kan skje då, er at mennesket distanserer seg frå andre. Erikson definerer distansering som *“the readiness to repudiate, isolate, and, if necessary, destroy those forces and people whose essence seems dangerous to one's own”* (Erikson, 1968, s. 136). I følge Erikson (1993) er målet for dette steget av mennesket sin identitetsutvikling, å unngå isolasjon ved å tørre å ta sjansar for å kunne utvikle ekte tillit i lag med andre.

### 2.2: Tripartite model of professional music performer success


Davidson og Burland (2006) har forska på korleis unge musikantar utviklar og tar avgjerder om korleis musikken vil vera i livet deira i framtida, og korleis dei avgjerdene blir påverka av deira identitet. I denne forskinga har dei brukt data frå tidlegare intervju med 257 musikkelevar av Davidson mfl. (1996, 1998), og seinare intervju med 20 av dei mest suksessfulle musikantane frå den originale studia av Burland og Davidson (2002). Ut i frå forskinga, har dei utvikla ein modell for korleis å oppnå suksess som profesjonell musikkutøvar.

*(...) social influences on the developing child musician are important for motivating and regulating the initial musical participation. The personality characteristics of teachers, for example, are thought to be key in initiating and sustaining a child's interest in music, and high levels of parental support are necessary for a child to become a successful child musician.*  
(Davidson & Burland, 2006, s. 475)

Dei mest suksessfulle elevane i Davidson mfl. (1996, 1998) si forskning, opplevde lærarane som underhaldande, vennlege, dyktige musikarar, som kom med positive tilbakemeldingar, sjølv når elevane ikkje var særleg dyktige musikarar. Ungdommane som hadde hatt minst suksess som musikar, hugsa lærarane deira som både inkompetente og uvennlege. Dette synet på lærarane kan ha årsak i at ungdommane ikkje klarte å sjå samanhengen mellom deira eiga mangel på progresjon og forplikting, og at dette kan ha påverka læraren til å oppføre seg uvennleg (Davidson & Burland, 2006).

Analysen frå Burland og Davidson (2002) sin data, avslørte at det var forskjellar i biografi og sjølvkjensle mellom musikarane som vart profesjonelle utøvarar og dei som ikkje vart det. Til dømes informantane som ikkje vart profesjonelle utøvarar, opplevde for mykje press frå konkurranse, og takla ikkje kritikk frå lærarar og jamnaldrande under ungdomstida. Dei som vart profesjonelle utøvarar, opplevde derimot konkurransen og kritikken som noko positivt i læringsprosessen. Ein sterk musikalsk identitet kan hjelpa individ til å ignorere potensiell kritikk frå jamnaldrande og lærarar, og kan motivera studenten til å fortsetta med musikken (Davidson & Burland, 2006).

Ut i frå funna frå dei tidlegare intervju (1996, 1998 og 2002), utvikla Davidson og Burland «*Tripartite model of professional music performer success*»:



Figur 1: Tripartite model of professional music performer success (Davidson & Burland, 2006, s. 480).

Den fyrste faktoren til å oppnå suksess som profesjonell muskar, er å utvikle strategiar for å handtere sosialt press. I følgje datamaterialet til Burland og Davidson (2002), var det dei som takla press og kritikk frå andre, som enda opp som profesjonell muskar. Den andre faktoren for å oppnå suksess, er å ha ei positiv erfaring med andre. I følgje datamaterialet til Davidson mfl. (1996, 1998), var det dei mest suksessfulle elevane som satt igjen med positive erfaringar frå til dømes lærarane, mens dei mindre suksessfulle satt igjen med negative opplevingar. Den tredje faktoren for å oppnå suksess, er å velja musikk som ein kjernefaktor for vår identitet (Davidson & Burland, 2006).

Utviklinga frå ungdom til ung vaksen karakteriserast gjennom det å finne ein balanse mellom seg sjølv akkurat no, og den framtidige deg. Denne prosessen kan vera påverka av eksterne innflytelsar, som familie og jamnaldrande, men det mest avgjerande for å utvikle ein musikalsk identitet, er individet sine personlege verdiar og lidenskarar for musikk. Viss alle dei tre elementa er på plass, vil ungdommen kunne utvikle ein identitet som profesjonell muskar (Davidson & Burland, 2006).

### 2.3: Tidlegare studentforsking

På leit etter tidlegare forsking som liknar mi eiga problemstilling, har eg funnet fleire forskingar innan temaet «skulekorps». Eg fann derimot lite forsking på kvifor

skulekorpsmusikantar vel å fortsette i skulekorpset, men fleire forskingar på kvifor dei vel å slutte i skulekorpset. Hjelmbrække og Berge (2010) skriv blant anna om fråfall av tenåringar frå musikkorps. Noko av konklusjonen deira er blant anna at engasjerte foreldre, sysken og vener er svært viktig for motivasjonen blant tenåringar, og då spesielt vener: «*Når ungdom vurderer å slutta, ser det ut til at press frå vener om å forsetja, er meir effektivt enn press frå korpsleiing og foreldre*» (Hjelmbrække & Berge, 2010, s. 82). Dei skriv og at det er svært viktig for ungdom kva andre vener i og utanfor korpset gjer, både for å halde på eit aktivt venskap i korpset, men og i form av sosial aksept: «*sjansen for fråfall aukar dersom fleire vener er negative til korps som aktivitet*» (Hjelmbrække & Berge, 2010, s. 82). Denne forskinga stemmer og bra i forhold til Erikson (1968) sitt femte psykososiale stadium, der å tilfredstille dei vaksne ikkje lenger er like viktig som til dei jamnaldrande. I resten av konklusjonen til Hjelmbrække og Berge (2010), skriv dei blant anna at det som kan vera utfordrande med kollektive aktivitetar, er at musikantane er på ulikt nivå. Dette resultera i at mange musikantar ikkje synest at dei får store nok utfordringar, då repertoaret ofte blir tilpassa dei yngste (Hjelmbrække & Berge, 2010).

Ei anna som har forska på skulekorps, er Ellen Marie Sundby Bredesen (2016), som meiner at formålet med skulekorps er «*å ha en felles interesse for musikk, spille glede, musikalsk lagspill og bli dyktigere på instrumentet. Andre momenter som blir påpekt er å møte nye mennesker, skulekorpset som læringsarena, holde på musikanter, årsmedaljer og å vinne konkurranser*» (Bredesen, 2016, s. 56). Bredesen (2016) tar utgangspunkt i tre reiskapar som blir brukt som motivasjon i skulekorpset. Den fyrste reiskapen er konkurransar, som ho tolkar som eit psykologisk hjelpemiddel til å oppretthalde aktiviteten, skape motivasjon og hindre fråfall. Den andre reiskapen som blir brukt i skulekorpset, er eit musikalsk samarbeid med andre korps og kor, eit symbolsk reiskap. Det som er fordelene med eit slikt samarbeid mellom skulekorps og til dømes vaksenkorps, er i følge Bredesen (2016) at ein får moglegheita til å spela med nokon som er flinkare enn seg sjølv, og ein kan då få ein rollemodell. Her kan og musikantane få noko å strekkja seg etter, og sjå at korps er ein aktivitet som ein kan fortsette med lenge etter ein er 19 år og ferdig i skulekorpset (Bredesen, 2016). Den siste reiskapen er korpstur, som ofte blir ein positiv oppleving i slutten av sesongen: «*Korpsturer legger grunnlaget for gode relasjonar og økt trivsel, og jeg*

*mener den bør prioriteres av styret og foreldre. Korpsturen skaper motivasjon og glede, og bygger skolekorpset» (Bredesen, 2016, s. 63).*

Her er Bredesen (2016) si oppsummering av forskinga:

*Konkurranser, samarbeid og korpstur er redskaper som hjelper aktiviteten fremover ved å gi opplevelser, motivasjon, glede og mestring. Mestring i form av spilleglede og inspirasjon fra andre til å vurdere sine egne evner. Man blir inspirert av andres teknikk og klang, og kan begynne å øve mer. Det er også mestring å få til et stykke i fellesskap, som man gjør ved musikalske samarbeidsprosjekt. (Bredesen, 2016, s. 65)*

### 3: Metode

#### 3.1: Kvalitative eller kvantitative forskingsmetodar

Kvalitative forskingsmetodar inneheld ulike formar for systematisk innsamling, arbeid med og analyse av materiale frå samtale, observasjon eller skriftleg tekst. Dei kvalitative metodane byggjer på menneskeleg erfaring, og blir brukt til å utforske opplevinga av meiningsinnhaldet for dei involverte i sosiale fenomen. Kvantitative forskingsmetodar inneheld derimot kvantifiserbare størrelsar, som systematiserast ved hjelp av ulike formar for statistisk metode. Kva forskingsmetode som blir valt, er avhengig av problemstillinga og føremålet ved forskinga (NEM, 2019).

Problemstillinga mi om kva som kan ha motivert tidlegare skulekorpssmusikantar til å utvikle ein identitet som vaksen korpsmusikant, handla om forskning på menneskeleg erfaring i sosiale fenomen. Eg valte difor ein kvalitativ forskingsmetode. Om eg hadde brukt ein kvantitativ forskingsmetode i dette prosjektet, hadde eg mogleg ikkje fått eit så personleg preg på svara frå informantane som eg ønskte. Ulempa med ein kvalitativ metode, er derimot at ein ikkje får eit resultat som kan målast frå ei stor informantgruppe. Forskinga er difor ikkje ei konklusjon på kva som gav skulekorpssmusikantane motivasjon, men gjev heller eit innblikk på kvifor nokre musikantar vel å utvikle ein identitet som vaksen korpsmusikant.

### 3.2: Val av metode

I val av ein kvalitativ metode, vart eg nøydd til å tenke på kva type svar frå informantane eg var ute etter. Sidan eg ønskte å finne ut av korpsmusikantane sine eigne erfaringar, tenkte eg at intervju var ein god forskingsmetode. I følgje Steinar Kvale og Svend Brinkmann (2009) er målet med det kvalitative forskingsintervjuet, å forstå verden frå intervjuobjekta si side. Forskingsintervju byggjer på dagleglivets samtalar, og er ein profesjonell samtale med utveksling av synspunkt om eit bestemt tema (Kvale & Brinkmann, 2009). I mine intervju ønskte eg at det skulle vera eit avslappa møte der informantane kjente seg komfortabel til å sei si meining. Eg tenkte difor at eit fokusgruppeintervju kunne vera ein fin metode til å løysa litt opp i den mogleg «stramme» intervjumetoden. I følgje Merton og Kendall (1946) er meininga med «the focused interview» å samle kvalitativ data frå individ som delar erfaring frå ein bestemt konkret situasjon, som då blir fokuset i intervjuet. I denne forskinga, er fokuset på individ som delar erfaringar med å gå vidare frå skulekorps til vaksenkorps. I følgje Halvorsen (2008), er fordelene med gruppeintervju at ein kan få eit rikare datatilfang. Dette kan ein få ved at samtalen mellom informantane i gruppa kan bidra til at gløymte erfaringar blir aktivert, som kan utløyse informasjon som mogleg ville blitt haldt tilbake i eit individuelt intervju. Ei ulempe med gruppeintervju, er at gruppesamansettinga kan føre til at nokre informantar ikkje kjenner seg frie nok til å fremje sitt syn, eller at nokre informantar blir for dominerande og dermed hindrar andre informantar i å fremje sitt syn på ein sak (Halvorsen, 2008). Det som vart mi oppgåve som intervjuar, var å prøve å skape ei god og trygg stemning i gruppa, slik at eg kunne få mest mogleg data ut av informantane mine.

### 3.3: Undersøkingdesign

I følgje Kvale og Brinkmann (2009) blir eit fokusgruppeintervju sett på som ein ikkje-styrande intervjustil, der målet er å få fram mange forskjellige synspunkt om emnet som er i fokus for gruppa. Etter at gruppemoderatoren har presentert emna, kan gruppa diskutere nokså fritt rundt desse. Oppgåva til gruppemoderatoren er å skapa ein open atmosfære, der informantane både kan uttrykke personlege og motstridande synspunkt på emna som er i fokus (Kvale & Brinkmann, 2009). Eg delte intervjuguiden inn i tre delar (Vedlegg 1). I den fyrste delen av intervjuet ville eg stille meir direkte spørsmål til kvar informant, for å få litt grunnleggjande kunnskap om deira individuelle bakgrunn. I dei to andre delane av intervjuet,

ønskte eg at intervjuet skulle vera semistrukturert, slik som Kvale og Brinkmann (2009) beskriv som «*verken en åpen samtale eller en lukket spørreskjemasamtale. Det utføres i overensstemmelse med en intervjuguide som sirkler inn bestemte tema, og som kan inneholde forslag til spørsmål*» (Kvale & Brinkmann, 2009, s. 47). Den andre delen handla om kva som motiverte informantane til å fortsette i skulekorpset, og den tredje delen handla om kva som motiverte informantane til å fortsette til vaksenkorps. For å få dei innhaldsrike svara eg var ute etter, starta eg dei to siste delane med eit enkelt og opent spørsmål, og såg deretter kvar samtalen førte. Eg laga og ei liste med moglege motivasjonsfaktorar som eg ville styre samtalen inn på. Som ei avslutning på intervjuet, hadde eg eitt siste spørsmål til kvar av informantane: «*Kva meiner du var den største motivasjonen til at du fortsette i korps?*».

### 3.4: Utvalsramme

I følge Halvorsen (2008) er strategisk utval av kvalitative data å føretrekkje om utvalet skal vera lite. Føremålet er ofte å få høgast mogleg kvalitativt innhald i informasjonen, der ein trekk utvalet etter kva som er mest hensiktsmessig i forhold til problemstillinga (Halvorsen, 2008). Til mitt forskingsprosjekt tenkte eg at det passa fint med seks informantar fordelt på to gruppeintervju. For at eg skulle få mest mogleg kvalitativt innhald i informasjonen frå informantane, hadde eg fem ulike kriterier. Sidan problemstillinga mi er avhengig av tidlegare skulekorpsmusikantar, var dette det første kriteriet til informantane.

Problemstillinga mi er og avhengig av at informantane er eit aktivt medlem i eit vaksenkorps, som vart det andre kriteriet. Eg valte å avgrense dette til anten janitsjarkorps eller brassband, som vart mitt tredje kriterium. For å få litt breidde i informasjonen, var det fjerde kriteriet at alle informantane skulle vera frå ulike skulekorps. Til slutt satt eg eit kriterium på at informantane skulle vera i aldersgruppa 18 til 40 år.

### 3.5: Val av informantar

Til dette forskingsprosjektet brukte eg mitt eige nettverk til å finne informantar. Eg nemnte i innleiinga at eg har studert på Manger folkehøgskule. Der var me 26 studentar på brassbandlinja som kom spreidd frå heile landet. Det betyr og at alle har ei ulik bakgrunn frå skulekorps, og eg tenkte difor at eit utval av mine tidlegare medstudentar, vil gje ei breidde i resultatet frå gruppeintervjuet. Sjølv om eg kjenner mine tidlegare medstudentar godt,



hadde eg lite eller ingen kunnskap om mine medstudentar sin bakgrunn frå før me begynte på folkehøgskulen. Eg kunne difor ikkje føresjå kva resultat eg ville få frå intervjuet.

Tre tidlegare medstudentar frå Manger folkehøgskule vart då til ei gruppe. Sidan alle informantane frå den fyrste gruppa spelar i eit brassband, ville eg at den andre gruppa skulle vera frå eit janitsjarkorps. Eg tenkte og at det kunne vore interessant å intervju nokon frå eit mindre og meir lokalt korps. Det andre fokusgruppeintervjuet bestod av informantar frå eit lokalt janitsjarkorps frå ei øy på Vestlandet. I motsetning til informantane frå den fyrste gruppa, hadde eg ikkje noko kjennskap til informantane frå denne gruppa. Dette kunne både vera ei ulempe, då informantane kunne vera meir tilbaketrekte i svara, men og ein fordel då eg kunne få eit meir seriøst intervju.

### 3.6: Gjennomføringsmetode

Det fyrste gruppeintervjuet vart gjennomført i eit grupperom på Høgskulen på Vestlandet 24.mars 2022, og det andre gruppeintervjuet vart gjennomført på øvingslokalet til informantane sitt vaksenkorps 5.april 2022. Intervjua varte i rundt 45 minutt, og det vart tatt lydopptak av intervjua frå ein privat mobiltelefon. Eg brukte intervjuguiden som ei ramme for innhaldet i samtalan, noko som fungerte fint. For å få mest mogleg flyt i samtalen, stilte eg oppfølgingsspørsmål og prøvde å styre samtalen inn på dei ulike motivasjonsfaktorane eg lista i intervjuguiden. Tidsramma passa veldig fint til å komme gjennom intervjuguiden med tre informantar. Eg hadde og ei positiv oppleving ved at informantane kjente kvarandre på førehand.

### 3.7: Analyse av datamaterialet

I arbeid med datamaterialet, har eg brukt ein deskriptiv analyse. I følgje May Britt Postholm (2020), innebere ein deskriptiv analyse koding og kategorisering av datamaterialet (Postholm, 2020). Det fyrste eg gjorde, var å redusere transkripsjonane kvar for seg. Eg begynte å plukke ut det eg meinte var relevant for problemstillinga, og putta det inn i kodar og kategoriar. Etter at kvar av transkripsjonane var blitt kategorisert og koda, gjorde eg ein felles analyse av datamaterialet, slik at materialet vart samla og enda meir redusert. Til slutt

analyserte eg datamaterialet enda ein gang med kategoriar og kodar, og plukka ut det eg meiner er relevante og gode sitat frå transkripsjonane.

### 3.8: Forskingsetikk og personvern

I dette forskingsarbeidet er det fleire forskningsetiske prinsipp som er viktige for meg. Noko av det første eg gjorde i dette forskingsarbeidet, var å søke til NSD om å få lov til å gjennomføre gruppeintervju med lydopptak. *De nasjonale forskningsetiske komiteene* (2019) har 14 generelle forskningsetiske prinsipp ein skal følgje. Det fjerde prinsippet deira handla om frivillig informert samtykke, kvar forskning på menneske eller på opplysingar og materiale som kan knytast til enkeltindivid, har samtykke som hovudregel. Til informantane mine, laga eg difor eit informasjonsskriv med eit samtykkeskjema som dei fekk lese og skrive under på (Vedlegg 2). I følgje det femte prinsippet til *De nasjonale forskningsetiske komiteene* (2019), har informantane som utgangspunkt krav på at personleg informasjon blir behandla konfidensielt. Dette er eit prinsipp som kan påverka til å gjera informantane trygge på forskingsarbeidet, slik at dei ikkje held tilbake informasjon på grunn av frykt for at informasjonen skal bli brukt på ein anna måte enn avtalt. Dette har eg både informerte informantane mine om i informasjonsskrivet, i tillegg til at eg nemnte det munnleg før intervjuet. Eg informerte dei om moglegheita til å få tilsendt transkripsjonar etter førespurnad, samt anonymisering av og korleis datamaterialet blir behandla. Eg gjorde og informantane merksame på retten til å trekkje seg i prosjektet. Ei etisk problemstilling eg tenkte eg ville møte på, var at eg hadde kjennskap til nokre av informantane mine frå før. Dette viste seg likevel å ikkje ha noko stor påverking i informasjonen frå informantane, då mine spørsmål først og fremst handla om kva dei opplevde i skulekorpset. Eg trur difor at det heller gav ein positiv effekt at eg hadde kjennskap til nokre av informantane, då intervjusituasjonen mogleg kan ha vorte tryggare og lettare for å føre ein god samtale.

## 4: Resultat

I transkripsjonane frå gruppeintervjuet, har eg plukka ut det eg tenkjer er mest interessant av funna. For å presentere resultatane, har eg prøvd å plassere funna inn i ulike tema. Dette synest eg derimot var vanskeleg, fordi mykje av det flettar seg saman med kvarandre. Likevel

har eg kome fram til fem ulike tema; *Familie og vener, Dirigenten, Utfordring og rollemodell, Samspel og samarbeid, og Speleglede*. I presentasjon av funna, har eg valt å kalle informantane frå den fyrste gruppa 1A, 1B og 1C, og informantane frå den andre gruppa 2A, 2B og 2C.

#### 4.1: Familie og venner

Det fyrste eg spurde informantane om, var kvifor dei valte å begynne i skulekorps. Her svarte alle informantane at det var på grunn av anten vener eller familie. Fem av seks informantar hadde derimot foreldre som anten spelte eller som hadde spelt i korps, og seks av seks informantar brukte støtta frå foreldre som ein av hovudmotivasjonane til å starte i skulekorps. Seinare i intervjuet, spurde eg og informantane om kva som fekk dei til å starte i vaksenkorps:

*Eg vart dratt med. Det var dei andre eldste i skulekorpsa i byen som sa eg måtte begynne i det eine janitsjarkorpset, fordi det var kult og dei skulle på NM. Det hørtes gøy ut, så då reiste eg på NM janitsjar. (Informant 1C)*

Tre av seks informantar fortalte at dei vart dratt med av venner, og fire av seks informantar fortalte at dei hadde ein god vennegjeng i korpset.

Eg spurde og om informantane nokon gong hadde vurdert å slutte i skulekorpset. Her svarte alle informantane «Ja!». Alle informantane var einige om at ei stor årsak til dette, var at korps var «teit» på ungdomsskulen. Det var derimot ikkje alle som brukte dette som ei årsak til å ønske å slutte:

*Ja, eg var faktisk slutta ei stund og. Eg slutta då eg begynte i femte klasse, så var eg vekke eitt år før eg begynte igjen. (...) Eg var berre lei, trur eg. Det var andre fritidsaktivitetar som eg hadde meir lyst til å drive med akkurat då. (Informant 2B)*

I eit oppfølgingsspørsmål om kva som gjorde at dei ombestemte seg for å slutte, svarte fire av seks informantar at dei ikkje fekk lov til å slutte av foreldra. Mogleg eit lite dytt frå foreldra for å komme gjennom den «teite» perioden kan vera nok til at skulekorpsmusikantane vel å fortsette? Informant 2A hadde derimot andre motivasjonsfaktorar til å fortsette:

*Det var jo gøy og! Kjekt å spele, og så hadde eg ein god vennegjeng i korpset. Så det var nok helst det, det sosiale. (...) Det var ikkje fordi eg var lei at eg vurderte å slutte. Det var meir det ungdomsgreiene om at det er flaut. Det var ikkje fordi eg var lei, det var meir difor eg fortsette, fordi eg ikkje var lei! (Informant 2A)*

## 4.2: Dirigenten

Ein anna motivasjonsfaktor som vart diskutert i intervjuet, var skulekorpsdirigenten:

*Viss eg ikkje har hatt heilt sansen for dirigenten, så har det jo vore litt tøffare å komme på øving å synest at «Dette er kjempegøy!». (...) Det eg tenkjer litt tilbake på, er at det er forskjell på korleis dei snakkar med oss og til oss, og korleis dei får motivasjonen. Om me får motivasjon av dei, eller om me berre er der fordi me føler at me må. Så det er mykje på korleis korpset blir møtt, korleis elevane blir møtt. (Informant 2A)*

Vidare diskuterte informantane om kva som kunne vera forskjell på dirigentane som dei likte, og dirigentane som dei ikkje likte:

*Dirigenten min var veldig snill, men litt for snill. Så det vart liksom ikkje noko utfordring. Det vart berre «åh så fint», så kom vi nest sist. (...) Det var ikkje noko press, men det var og litt dumt at det var litt for lite pirk. Så bytta vi dirigent, så tok han og såg meir potensialet og utnytta det på ein god pedagogisk måte, og det var jo kjempegøy! Då hoppa vi liksom opp 10 plassar på krinsmeisterskapet frå det eine året til det andre. (Informant 1C)*

I følgje informantane, vil dei at dirigentane stadig skal utfordre musikantane. Dette utdjupar til dømes Informant 1A:

*(...) desto eldre ein blir i skulekorpset desto meir ansvar har ein, og meir press dirigenten gjer på deg. Det kombinert med at ein får utvikla seg i vaksenkorps trur eg var det største motivasjonen! (...) det at ein tilpassar nivået at han vel repertoar som har utfordrande til dømes solistiske ting, eller vanskelege løp eller noko så ein kan gå heim å øve på. Samtidig er det lett for dei yngre musikantane og. Så repertoar har mykje å sei. (Informant 1A)*

### 4.3: Utfordring og rollemodell

Det å få utfordring i musikken, har vist seg som ein stor motivasjonsfaktor gjennom intervjua. Informant 1A fortel om eit høgt nivå i skulekorpset, med mykje utfordring og vanskelege notar. Informant 1C, 2A og 2B var derimot einige om at det var noko mangel på utfordring i deira skulekorps:

*Det er jo slik at dei eldste får dei vanskelegaste stemmene, men det er likevel ikkje så vanskelege. Du kan ofte føle deg litt åleine som at det er du som må gjera all jobben på den vanskelegaste stemma. Det kan vera ganske tungt av og til, på nokon songar. Mens i janitsjaren så driv me å bytar på i gruppa, kven som spelar kva stemme. Det likar eg eigentleg mykje betre, at nokon songar er vanskelegare og at nokon er enklare. (Informant 2B)*

Her brukte informantane lite utfordring frå skulekorpset som ein motivasjonsfaktor til å begynne i vaksenkorps. Informant 1B fortel om at vaksenkorpsa i nærområdet sjølv var aktive og tok kontakt med skulekorpsmusikantane:

*Alle vi som var like gamle i skulekorpset fekk spørsmål om å bli med, så var vi med på eit prosjekt rett etter NM og spelte konsert. (...) Eg synest det var veldig gøy, fordi vi fekk mykje fleire utfordringar. Eg følte ikkje eg fekk utfordring i skulekorpset, fordi då hadde eg berre 3.stemme med etterslag, sidan eg spelte horn. (Informant 1B)*

Det same skjedde med informant 1A, som fortel at tilbodet frå vaksenkorpsset mogleg kan ha vore ei avgjerande årsak til at informanten fortsette:

*Eg fekk tilbod om å spele med Manger. Eg hadde eigentleg tenkt til å slutte etter vidaregåande. (...) Eg fekk ein liten augeopnar. Dette var nytt, og noko eg hadde lyst til å bygge vidare på. Det var ein enorm utfordring, og ein vaks så sjukt. Eg fekk gnisten tilbake! (Informant 1A)*

I intervjua gjekk me vidare inn på kva større utfordringar ein kan få innan skulekorpset. Nokon av informantane fortalte om at dei sjølv hadde blitt brukt som instruktørar for dei minste i skulekorpset på seminar og øvingar: «Det var veldig kjekt å kunne bruke det eg kunne, å gje det til dei nye» (Informant 2A). Informant 1C hadde ein litt annleis metode for dette:

*Vi hadde ei fadderordning i skulekorpset. (...) Då fekk me eit fadderopplegg der eg fekk ein unge som eg skulle passe på å være ein rollemodell for, eg trur ikkje eg var ein god rollemodell. (...) når du blir stor i eit skulekorps så er det kjedeleg. Du må ha litt meir å gjera på, så det trur eg er lurt på motivasjonen. (...) Så vart det på slutten slik at ein ikkje fekk lov til å slutte i skulekorpset fordi du er eldst, så du må berre vera med heilt til du sluttar på vidaregåande. (Informant 1C)*

Ingen av dei andre informantane hadde ei slik fadderordning, men fleire var likevel med å hjalpde dei minste på øvingane:

*(...) Då følte eg meg litt meir som å vera ei god støtte for dei yngre i skulekorpset. Eg hadde litt den rolla dei siste åra. Det kjem jo an på korleis ein er fordelt i alder. Blir det eit stort gap i alder, så vil det jo bli eit stort gap i nivået. (Informant 2A)*

#### 4.4: Samspel og samarbeid

Eit av dei første spørsmåla eg spurde informantane, var i kva samanheng dei likte best å spele. Her var det ingen av informantane som synest at det var gøy å øve aleine heime, og kun ein av seks informantar svarte at dei øvde regelmessig heime. Samspel er altså ganske viktig for informantane. I samspel svarte alle informantane at dei anten likte best konsertar eller konkurransar:

*Det synest eg enda er kjekt med at ein har eit felles mål å jobba mot. Det kan og vera litt frustrerande om ein ikkje er heilt einige om kva vårt felles mål er. Men for meg er det ein pådrivar og ein faktor som hjelp med øvingsmotivasjonen, at til fortare eg får mitt på plass, dess raskare får me ting i samem i heile korpset. (...) For min del, har det vore med for å auke motivasjonen og, at eg vil vera med. Det å gjera litt forskjellig og få prøvd ulike arena. (Informant 2A)*

Nokon informantar svarte at dei likte best konsertar, og nokon svarte at dei likte å få kjenna litt på nervane i samanheng med konkurransar.

Vidare spurde eg informantane om dei hadde nokon dei vart inspirert av i nærområdet:

*Det var ein som spelte trombone i skulekorpset då eg begynte. Han budde i vegen nedanfor meg, så han var litt min store helt. Kvar gong eg såg han,*

*så spurde han om eg hadde øvd sidan sist. (...) Han var ein superhelt. Han var så flink. Han var typ 10 år eldre enn meg, det kan ha noko med saken å gjera. (Informant 1C)*

Fleire av informantane fortalte om ulike enkeltpersonar og korps som dei har blitt inspirert av og fått motivasjon til å fortsette:

*Det som vår dirigent var veldig flink på, det var å ta inn veldig mange instruktørar frå vaksenkorpsa i nærområdet. Så vart me fort inspirert til å spele eller til å fortsette å utvikle seg, for ein vil jo bli like god som dei! (...) Me hadde masse sånn sit-in-øvingar, der i korpsa kjem å sett seg mellom kvar musikant. Det var dritskummelt, men kjempe lærerikt! (Informant 1A)*

Informantane i gruppe 1 fortalte om både konsertar, øvingar og anna samarbeid som skulekorpsa hadde i lag med vaksenkorpsa i nærområdet:

*Det var ein grunn til at eg begynte i vaksenkorps såpass tidleg, fordi alle i den alderen fekk lov å hospitera i vaksenkorps for å få oss med vidare. Så vi har jo fått spelt mykje med dei, og så hadde vi omtrent alltid konsertar i lag med dei. (Informant 1B)*

Frå gruppe 2 var det derimot lite samarbeid med vaksenkorps. Deira skulekorps hadde heller samarbeid med andre skulekorps, både med å spela på konsertar i lag, men og for å i det heile tatt få nok musikantar til skulekorpset.

## 4.5: Speleglede

Den siste motivasjonsfaktoren som kom fram i intervjuet, var speleglede. Når eg spurde informantane om kvifor dei synest at det var kjekt å spela i skulekorps, svarte blant anna informant 1C:

*Vi hadde korpsturer, det var veldig gøy! Vi reiste annakvart år til utlandet og innlandet. Men så likte eg og marsjesongen, fordi vi var betre på å marsjere enn å spele. Eg likte veldig godt om våren fordi vi hadde øving ute, så gjekk vi og spelte marsjer. (...) Eg synest marsjering var dritgøy! Vi gjekk og gjekk og gjekk. Så lærte eg sånn 12 marsjer utanåt. (Informant 1C)*

Marsjering som ein faktor for speleglede, vart og nemnt i gruppe 2:

*Eg synest det var kjekt å vise seg fram ved spesielle anledningar, for eksempel 17.mai. Å gå der som ein så viktige del av 17.mai-toget, det likte eg veldig godt! Å spele på lokalfestivalar og slikt, og berre vera den tingen som var stødig, for showet. (Informant 2C)*

I tillegg til spelelede gjennom å vise seg fram, var det og fleire sosiale faktorar som gav motivasjon i skulekorpset: «Det var mykje kjekt med skulekorpset! Eigentleg fyrst og fremst, så var det at eg hadde mange vener der, så det var mykje det sosiale. Me fekk reise på turar, berre bussturar var kjekke. Det var mykje opplevingar!» (Informant 2A). Informant 2B var derimot ikkje så opptatt av det sosiale, men heller berre det å meistra det musikalske: «For meg var det vel mest at det var noko eg fekk til, så det gav ein stor meistringsfølelse. Då fekk eg lyst til å fortsette!» (Informant 2B).

Seinare i intervjuet, spurde eg om kvifor informantane valte å begynne i vaksenkorps:

*Når eg begynte å studera i Bergen, så var det veldig kjekt å ha noko sosialt utanom studia. Då har du noko utanom kvardagen! Då tenker eg og at uansett kvar du flyttar, finn deg eit korps, så har du ein sosial arena! Du får møtt nye folk og du får eit fellesskap. (Informant 2A)*

Utanom ein sosial arena, fortalte informantane og om det unike ved korps som ein hobby:

*Det er jo ikkje så mange som har ein kvardag som er prega av korps. Eg arbeide jo ikkje med noko som har med korps å gjere. Så det å ha korps som eit anna kapittel, er veldig forfriskande. Det er kreativ utfolding, og det å læra heilt nye ting som eg ikkje hadde lært nokon andre plassar. (Informant 2C)*

Informant 2A var einig i at det er noko unikt med korps:

*Eg er jo typisk lærar som drar jobben med meg heim og tenkjer på alt eg burde gjort, og alt eg gløymte å gjera. Det er liksom ting som står på heile tida. Men når eg er på øving så er eg på øving. Då tenker du ikkje på andre ting. Det er ein deileg pause i frå den travle kvardagen! Sjølv om det er med på at det blir litt travlere kvar dag. Det gjer deg energi på ein anna måte kanskje. (Informant 2A)*



## 5: Drøfting

I denne drøftinga vil eg gå djupare inn på problemstillinga: *Kva er det som kan ha motivert tidlegare skulekorpsmusikantar til å utvikle ein identitet som vaksen korpsmusikant?* Mykje av svara ligg mogleg i resultatkapittelet. Eg har i denne drøftinga plukka ut det som eg tenkjer er viktigast å få fram som ein musikkpedagog. Personlege preferansar til dirigentar og aktivitetar i korpset, kan ikkje musikkpedagogen gjera så mykje med. Det er nesten umogleg å tilfredstille alle musikantane. Eg vil derimot løfte fram det eg meiner er dei viktigaste funna som musikkpedagogen kan ta i bruk. Det er viktig å få fram at denne drøftinga kun er eit resultat av analysen frå mine utvalte seks informantar, og ikkje ein felles konklusjon for alle korpsmusikantar.

### 5.1: Støtte frå foreldre

I følgje informantane, hadde alle støtta frå foreldra då dei skulle begynne i skulekorpset, og det var kun ein av seks informantar som ikkje hadde foreldre som spelte i korps. Eg tenkjer difor at rekrutteringa til skulekorpset er avhengig av støtta til foreldra. I kapittelet til Davidson og Burland (2006) skreiv dei om tre ulike informantar frå forkinga (2002). Informantane var vaksne og hadde fortsatt musikk som ein del av livet deira. Det som var felles for dei tre utvalte informantane, var at alle hadde hatt god støtte frå foreldra til å halde på musikken. Eg vil difor påstå at motivasjon frå foreldre er ein nøkkelfaktor for om barna vel å starte i skulekorps, men og for om musikantane vel å fortsette med musikken ut i vaksenlivet. Det eg tenkjer er viktig i arbeidet som musikkpedagog, er å ha ein god kommunikasjon med foreldra på korleis dei best mogleg kan motivera barna. I forkinga (2002) til Davidson og Burland (2006), var det ikkje viktig om foreldra sjølv hadde ein musikalsk bakgrunn, men om dei var positiv til musikken og hjelpte barnet med å utvikle sin musikalske identitet.

I følgje informantane, hadde alle hatt eit ynskje om å slutte i skulekorpset rundt ungdomstida. I følgje Erikson (1968) sitt femte psykososiale stadium, er ungdommar i denne fasen særst redd for kva andre ungdommar tenkjer om seg sjølve, og spesielt redd for å dumme seg ut framfor jamnaldrande. Ein av informantane fortalte til og med at ein prøvde å skjule den musikalske identiteten:

*(...) Du var litt teit når du spelte i korps, så då skjulte eg det eigentleg på ungdomsskulen at eg spelte i korps. Så då eg begynte på vidaregåande, då var det greitt igjen å gjere det ein ville. Så då var det ein periode på ungdomsskulen der det var like enkelt å berre slutte, enn å gå å skjule den. (Informant 2A)*

Det som fem av seks informantar fortalte som ein hovudfaktor til å fortsette, var at dei ikkje fekk lov å slutte av foreldra. Informant 2B nemnte derimot ikkje press frå jamnaldrande som ei årsak til å slutte, men brukte heller speglede som ein motivasjonsfaktor til å fortsette. I forskinga til Davidson og Burland (2006) fortel dei om korleis ein sterk musikalsk identitet kan hjelpe individ til å ignorere potensiell kritikk frå jamnaldrande og lærarar, og kan motivere studenten til å fortsetta med musikken (Davidson & Burland, 2006). Ein kan tolka dette som at informant 2B hadde ein sterkare musikalsk identitet enn dei andre informantane på ungdomstida, fordi denne informanten ikkje følte press frå sosiale faktorar. Samtidig hadde resten av informantane utvikla ein sterk musikalsk identitet etter ungdomstida, men dei trong hjelp frå foreldra til å kome seg til det stadiet. Min analyse frå intervjuet, viser at støtta frå foreldre er ein av dei største motivasjonsfaktorane for å begynne og fortsette i korps.

## 5.2: Nok utfordring til å meistre

### 5.2.1: Utfordring i skulekorpset

Ein anna stor motivasjonsfaktor for informantane, var nok utfordring. I konklusjonen til Hjelmbrække og Berge (2010), skreiv dei blant anna at det som kan vera utfordrande med kollektive aktivitetar, er at musikantane er på ulikt nivå. Dette resultera i at mange musikantar ikkje synest at dei får store nok utfordringar, då repertoaret ofte blir tilpassa dei yngste (Hjelmbrække & Berge, 2010). Dette var det fleire av mine informantar som og fortalte. Det var derimot to av seks informantar som synest at dirigenten gav dei nok utfordring gjennom repertoaret:

*(...) det at ein tilpassar nivået at han vel repertoar som har utfordrande til dømes solistiske ting, eller vanskelege løp eller noko så ein kan gå heim å øve på. Samtidig er det lett for dei yngre musikantane og. Så repertoar har mykje å sei. (Informant 1A)*

Det som vart diskutert i intervjuet som kan vera ei utfordring med repertoar i skulekorps, er at det kan vera ein stor forskjell i musikalsk nivå på musikantane, og det kan difor bli veldig vanskeleg å tilpassa repertoaret slik at alle musikantane får nok utfordring. Dei som ikkje fekk nok utfordring gjennom repertoaret, hadde andre måtar å utfordre seg i skulekorpsset. Dette gjorde dei gjennom å vera ei god støtte for dei yngre i skulekorpsset gjennom å instruera på seminar, men og som ei hjelpande hand i øvingane. Her synest eg at informant 1C hadde ein interessant metode med ei fadderordning i skulekorpsset. Viss dei eldste i skulekorpsset ikkje får nok motivasjon gjennom repertoar, er dei nøydd til å ha noko anna å få motivasjon frå. Det å vera ei støtte og ein rollemodell for dei minste i skulekorpsset, gav informantane meistring: «*Det var veldig kjekt å kunne bruke det eg kunne, å gje det til dei nye*» (Informant 2A).

### 5.2.2: Utfordring i vaksenkorps

Sjølv om informantane fortalte om fleire motivasjonsfaktorar i skulekorpsset, brukte informantane likevel lite utfordring frå skulekorpsset som ein motivasjonsfaktor til å begynne i vaksenkorps. Andre motivasjonsfaktorar som vart nemnt for å starte i vaksenkorps, var inspirasjon frå rollemodellar. Fleire av informantane fortalte om ulike enkeltpersonar og korps som dei har blitt inspirert av og fått motivasjon til å fortsette. Dei fortalte å ha blitt inspirert gjennom samarbeid både ved å spela konsertar i lag, men og å ha øvingar i lag. Det som er fordelene med eit slikt samarbeid mellom skulekorps og til dømes vaksenkorps, er i følge Bredesen (2016) at ein får moglegheita til å spela med nokon som er flinkare enn seg sjølv, og ein kan då få ein rollemodell. Her kan og musikantane få noko å strekkja seg etter, og sjå at korps er ein aktivitet som ein kan fortsette med lenge etter ein er 19 år og ferdig i skulekorpsset (Bredesen, 2016). Her tenkjer eg at samarbeid er ein nøkkelfaktor for å inspirera skulekorpsmusikantar til å gå vidare i vaksenkorps. Det var og fleire av informantane som fortalte at det var vaksenkorpsa sjølv som hadde spurt dei om å bli med. Eg trur at dette kan gje ein stor motivasjon til skulekorpsmusikantane for å fortsette, at vaksenkorpsa tar initiativ og tar kontakt med skulekorpsmusikantane.

### 5.3: Å utvikle ein musikalsk identitet

I forskinga til Davidson og Burland (2006), utvikla dei ein modell for kva som må til for å oppnå suksess i musikken. Utviklinga frå ungdom til ung vaksen karakteriserast gjennom det å finne ein balanse mellom seg sjølv akkurat no, og den framtidige deg. Denne prosessen kan vera påverka av eksterne innflytelsar, som familie og jamnaldrande, men det mest avgjerande for å utvikle ein musikalsk identitet, er individet sine personlege verdiar og lidenskarar for musikk. Viss alle dei tre elementa er på plass, vil ungdommen kunne utvikle ein identitet som profesjonell muskar (Davidson & Burland, 2006).

Det fyrste elementet i modellen handla om å kunne handtera sosialt press. Her kan me tenka på Erikson (1968) sitt femte psykososiale stadium. Informantane mine kunne fortelle at ungdomsskuleen var den vanskelegaste tida når det kom til sosialt press. I følgje Erikson (1968) er ungdommane særst sårbar når det kjem til kva dei jamnaldrande synest om dei. Dette kunne mine informantar kjenne seg igjen i, og ungdomstida kan då vera den mest kritiske perioden når det gjeld fråfall i skulekorpsmusikantar. Mine informantar klarte likevel å kome seg gjennom dette stadiet, hovudsakleg på grunn av støtte frå foreldre. Igjen, så har det vist seg i denne forskinga at støtte frå foreldre er ein nøkkelfaktor for å motivere musikantar til å utvikle ein identitet som vaksen korpsmuskar.

Det andre elementet handla om å ha ein positiv erfaring med andre innan musikk. I Erikson (1993) sitt sjette psykososiale stadium, skal mennesket læra å gå vekk frå det egosentriske, og heller fokusera på å byggje relasjonar og skape tillit til dei rundt seg. Dette stadiet av personlegdomsutvikling viser blant anna informantane gjennom samspel og speglede. Fleire informantar brukte sosiale faktorar som ein av dei største motivasjonane til å spele i korps. Til dømes var det fleire av informantane som valte å begynne i vaksenkorps, fordi det var ein sosial arena. Musikken var dermed ikkje kun for individet, men noko som ein kan dela i eit samspel med andre. Davidson og Burland (2006) skreiv til dømes om korleis informantane deira sin erfaring med lærarar påverka motivasjonen til å fortsette. To av seks av mine informantar fortalte at dei hadde hatt nokon dirigentar som dei ikkje likte så godt, men at dei derimot har hatt fleire dirigentar i skulekorps. Alle informantane kunne difor fortelle at dei har hatt minst ein dirigent som dei likte. I tillegg til positiv erfaring med

dirigenten, fortalte fire av seks informantar at venner i skulekorpset motiverte dei til å fortsette. Ein siste positiv erfaring med andre som vart tatt opp i intervjuet, var samarbeid med andre korps. Dette trur eg er ein veldig viktig motivasjonsfaktor som blir tatt i bruk av korpsa. Det at musikantar får lov til å spela ilag, motivera og inspirera kvarandre, det trur eg har ein veldig stor effekt på motivasjonen til både skulekorpsmusikantar og vaksne korpsmusikantar.

Det siste elementet i modellen til Davidson og Burland (2006), handla om å velja musikken som ein del av eiga identitet. Det å velja at musikken skal fortsette å vera ein del av livet: *«For meg var det vel mest at det var noko eg fekk til, så det gav ein stor meistringsfølelse. Då fekk eg lyst til å fortsette!»* (Informant 2B). Når eg spurde informantane om kva som var den største motivasjonen til at dei fortsette, svarte informant 2A: *«Eg synest det er gøy! Og då er det mange ting som er gøy med det. Det å treffe folk, utfordre seg sjølv, å få halde ved like det som du har haldt på med»* (Informant 2A). Informant 2C fortalte vidare: *«Det er noko med det at når ein har brukt så mykje tid på det, viss ein slutter så er det på ein måte ikkje vits»* (Informant 2C). Eit av kriteria til informantane mine, var at dei skulle vera eit aktivt medlem i eit vaksenkorps. Dette betyr at alle informantane mine har valt musikken som ein del av deira identitet, og tenkte at musikken var såpass viktig for informantane at dei ville ta den med vidare i livet. Modellen til Davidson og Burland (2006) handla om kva som må til for å oppnå suksess som profesjonell muskar. Det eg har tenkt på i arbeid med denne modellen, er kva som eigentleg definerer ein profesjonell muskar. Ein kan vera ein meister i musikken sjølv om ein ikkje brukar eigenskapen i ein yrkessamanheng. Informantane mine er kanskje ikkje profesjonelle musikarar, men eg tenkjer likevel at modellen kan brukast på alle som har tatt med seg musikken vidare. Eg meiner at målet ikkje bør vera å kunna utøva musikken på ein profesjonell arena, men å skapa samhald og speglede gjennom musikken.

## 6: Avsluttande tankar og refleksjonar vidare

### 6.1: Oppsummering

I dette forskingsprosjektet har eg intervjuet to fokusgrupper rundt problemstillinga: *Kva er det som kan ha motivert tidlegare skulekorpsmusikantar til å utvikle ein identitet som vaksen*

*korpsmusikant?* I intervjuet har eg prøvd å fått svar på kva som har motivert desse informantane til å utvikle ein identitet som vaksen korpsmusikant.

Den første motivasjonsfaktoren som eg meiner er viktig å få fram, er kor stor påverking familie og vener kan ha. Det som kom fram i intervjuet, var at det var foreldra til informantane som gav ideen om å begynne i skulekorpset, og ikkje informantane sjølv som i utgangspunktet hadde lyst til å begynne. Det har då vist seg at informantane trong både støtte av foreldra til å begynne i skulekorpset, men og til å fortsette. Gjennom intervjuet har det vist seg at involverte foreldre er særskild viktig i perioden rundt ungdomsskolen. Om musikantane ikkje har ein sterk musikalsk identitet, er dei mogleg avhengig av hjelp frå foreldre til å fortsette og oppretthalde spegleda. Det har og kome fram i intervjuet at vener er ein viktig motivasjonsfaktor for å begynne og fortsette i vaksenkorps. Det var fleire vener frå skulekorpset som drog informantane med til vaksenkorps. Eg tenkjer difor at det er viktig å byggje sosiale relasjonar i skulekorpset, for at vener seinare kan motivere kvarandre til å fortsette.

Den andre motivasjonsfaktoren eg meiner er sentral i denne forskinga, er utfordring. Eg har gjennom kapitela nemnt fleire gongar kor viktig det er at musikantane får nok utfordring. Her er det mykje som dirigenten kan hjelpa med. Blant anna det å tilpassa repertoaret slik at mest mogleg musikantar får noko utfordring. Når det gjeld dirigenten, kom det fram i intervjuet at det var betre med ein litt strengare dirigent som utfordra musikantane, enn ein alt for snill og hyggeleg dirigent som sa at alt var fint. Ein oppmuntrande og motiverande dirigent som klarte å løfte fram potensialet i musikantane, var heller å føretrækje. Informantane likte og å ha nokon seriøse konsertar og konkurransar som korpset kunne ha eit felles mål å arbeida mot. Dette kan både gje utfordring til musikantane, i tillegg til å styrkja fellesskapet i korpset. Ein siste utfordring som informantane nemnte, var å sjølv få læra vekk det dei kunne til dei minste i korpset. Dette kan gje meistring til dei eldste musikantane då dei får vidareføre det dei sjølv har lært. I tillegg kan det byggje relasjonar mellom dei yngste og dei eldste musikantane, slik at musikantane blir trygge på kvarandre og mogleg kan inspirera kvarandre.

Den tredje motivasjonsfaktoren eg vil løfte fram, er inspirasjon frå andre. Det har kome fram i forkinga at det er viktig å samle inspirasjon frå nokon. Det å ha nokon førebilete som ein vil bli like flink som, det trur eg er ein viktig motivasjon. Fleire av informantane hadde enkeltpersonar eller spesifikke korps som dei såg opp til. Oppgåva til musikkpedagogen eller korpsa, blir å gje musikantane moglegheit til å bli inspirert. Dette kan dei til dømes gjera gjennom samarbeid mellom skulekorps og vaksenkorps. I intervjuet fortalte informantane om konsertar i lag med lokale vaksenkorps, men og det å faktisk ha øvingar i lag med vaksenkorpsa. Her kan dei unge musikantane få moglegheit til å sitte tett på dei vaksne musikantane, og samle inspirasjon på nært hald. I eit slikt samarbeid kan og vaksenkorpsa få moglegheit til å sjå dei unge musikantane, og motivera dei til å utvikle ein identitet som vaksen korpsmusikant.

Til slutt synest eg det er viktig å løfte fram motivasjonsfaktorar som kanskje er sjølvsgt i skulekorpset, men som viser seg å vera veldig viktig for musikantane. Korpsturar, sosiale aktivitetar og marsjeringar er noko som informantane satt veldig pris på i skulekorpset, og som gav ein stor motivasjon. Sosiale motivasjonsfaktorar trur eg er ei veldig stor årsak til at musikantar fortsett med musikken. Å til dømes reise på turar med jamnaldrande som delar same hobby, og å vise seg fram i gatene under marsjering, det er noko av det unike ved korps som er verdt å få fram.

## 6.2: Til vidare forking

I arbeid med denne forkinga fann eg fleire andre tema som kunne vore interessant å forske på. I arbeid med utvalsramme til informantane, var eg og inne på tanken om å vela informantar får eit seniorkorps, for å kunne forske på eldre menneske sin motivasjon til å fortsette. Her kunne eg ha forska på om det var forskjellar på motivasjonen i skulekorpset for til dømes 50 år sidan versus i dag. I ei slik forking med store aldersforskjellar, trur eg at det kunne ha vore mange interessante funn. Noko anna eg kunne ha utnytta i forkinga mi, var at den eine informantgruppa var frå janitsjarkorps, og den andre gruppa var frå brassband. Her kunne eg til dømes gått djupare inn i om det var forskjellar på kva som motivera i dei ulike korpsa. Kvart instrument har ulike roller om dei spelar i brassband eller janitsjarkorps, og det kunne difor vore interessant å forske på om det påverka motivasjonen

forskjellig. Ein anna forskjell i dei to fokusgruppene, var at den eine gruppa spelte i eit lite og lokalt korps, og den andre gruppa spelte i korps i området rundt ein storby. Det er til dømes ofte mange studentar som begynnar i korpsa rundt ein by, og det er mogleg ofte utskiftingar av medlemmar. I lokale korps derimot, ser eg for meg at det er fleire faste og stødige medlemmar som har eller kjem til å fortsette i det same korpset i fleire år framover. Her kunne det vore interessant å forske på korleis dette påverkar korpset både musikalsk og sosialt.

I innleiinga skreiv eg om fleire spørsmål som eg kunne tenke meg å finne ut. Der skreiv eg og litt om den fyrste ideen eg hadde i dette prosjektet, altså forskjellar i rekruttering frå stad til stad. Her trur eg det hadde vore interessant å ha ein case-studie i to ulike områder som Manger og Bømlo, for å undersøke kvifor dei har ein høgare suksess med rekruttering til skulekorps i det eine området. Etter det eg har observert rundt Manger, er det veldig stor tilgang til både skulekorps og vaksenkorps i området. Her har eg høg tru på at vaksenkorpsa påverka veldig mykje til rekrutteringa i skulekorpsa. I forbindelse med at det er så mange vaksenkorps i nærområdet, er det mogleg mange foreldre som spelar i korps. Her kan eg referere til teorien og informantane mine frå denne forskinga, med at foreldre mogleg er ein veldig stor motivasjonsfaktor for borna til å spele i korps. Eg kunne ha fortsett veldig lenge med mine idear til vidare forskning angående dette spørsmålet, men det får bli ei framtidig masteroppgåve.



## Kjeldeliste

- Bredesen, E. M. S. (2016). *Et vellykket skolekorps? Ulike aktørers forståelse av det gode Korps*. [Masteroppgave]. Norges musikkhøgskole.
- Brønstad, A. & Hårberg, G. B. (2020, 25. mars). Eriksons psykososiale stadier. *NDLA*.  
<https://ndla.no/article/6495>
- Davidson, J. W. & Burland, K. (2006). Musician identity formation. I G. E. McPherson (Red.), *The Child as musician: A handbook of musical development* (s. 475–490). Oxford University Press.
- Erikson, E. H. (1968). *Identity: Youth and Crisis*. W. W. Norton & Company.
- Erikson, E. H. (1993). *Childhood and Society*. W. W. Norton & Company.
- Halvorsen, K. (2008). *Å forske på samfunnet: En innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (5. utg.). Cappelen akademisk forlag.
- Hjelmbrekke, S. & Berge, O. K. (2010). *Når hornet er lagt på hylla: Fråfall av tenåringer frå musikkorps* (Rapport 275). Telemarksforskning. <https://openarchive.usn.no/usn-xmlui/handle/11250/2439532>
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009). *Det kvalitative forskningsintervju*. (2. utg.). Gyldendal akademisk.
- NEM. (2019, 23. mai). Veiledning for forskningsetisk og vitenskapelig vurdering av kvalitative forskningsprosjekt innen medisin og helsefag. *Forskningsetikk*.
- Postholm, M. B. (2020). *Kvalitativ metode: En innføring med fokus på fenomenologi, etnografi og kasusstudier* (2. utg.). Universitetsforlaget.

## Vedlegg 1

# Intervjuguide

### Individuell bakgrunn:

- Når begynte du i skulekorpset?
  - Kven/kva fekk deg til å starte?
- Fekk du spele favorittinstrumentet ditt frå starten?
- Vurderte du nokon gong å slutte?
  - Kvifor? Kva gjorde at du endra meining?
- I kva samanheng likar du best å spele?
  - Aleine? Ensemble? Korpsøving? Konsert? Konkurransse?
  - Har det forandra seg?
- Lærer du ting fort, eller må du øve mykje heime?

### Forskingsspørsmål: *Kva faktorar kan ha påverka informantane til å like å spele i skulekorps?*

- Kvifor likte dykk å spele i skulekorps? Kva var det kjekkaste?
  - Dirigent/instruktør?
  - Repertoar? Nok utfordringar?
  - Konsertar/konkurransar?
  - Sosiale turar?
  - Vener i skulekorpset?
  - Tiltak for sosiale aktivitetar?
  - Samarbeid med vaksenkorps?

### Forskingsspørsmål: *Kva faktorar kan ha påverka informantane til å fortsette å spele?*

- Kvifor valte dykk å byrje i eit vaksenkorps? (når?)
- Kvar fekk dykk motivasjon til å fortsette å spele?
  - Hadde du nokon du såg opp til i nærområdet?
  - Har/hadde du nokon i familien som spelte i korps? Korleis påverka det din motivasjon til å spele?
  - Var det god tilgang på vaksenkorps i heimekommunen din?
  - Hadde du mange vener som spelte?

### Siste spørsmål:

- Kva meina du var den største motivasjonen til at du fortsette i korps?

## Vedlegg 2

### Vil du delta i forskingsprosjektet

#### *”Musikkglede frå skulekorps til vaksenliv”?*

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å finne ut om det er noko fellestrekk for dei som fortsett å spele på instrumentet sitt etter skulekorpsset, og tar med seg spelegleda vidare ut i vaksenlivet. I dette skrivet gjev vi deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebere for deg.

#### **Føremål**

Eg har fullført tolv år i mitt lokale skulekorps, og gjekk deretter vidare til brass band for vaksne. Eg har seinare fundert over kvifor eg og eit fåtal andre gjekk vidare til korps for vaksne, mens resten låg hornet eller trommestikkene på hylla. Har det noko med identiteten vår å gjere?

I løpet av denne forskinga ønsker eg å finne fellestrekk ved informantane om kva som var avgjerande for at dei fortsette med korpsmusikken. Dei eventuelle fellestrekkka kan ein då bruke i arbeidet som dirigent og musikkpedagog, for å motivera elevar til å fortsette med musikken. Føremålet er å finne nokre faktorar som er avgjerande for at elevar skal ønske å ha eit utøvande forhold til musikk vidare i livet. Om eg finn nokre fellesfaktorar som kan påverka motivasjonen, kan desse fellesfaktorane mogleg bli ein del av ei oppskrift på eit vellukka skulekorps. Håpet mitt med denne forskinga, er at eg og andre kan få brukt forskinga til fordel i planlegging av eiga undervisning.

Dette forskingsprosjektet skal bli brukt til mi bacheloroppgåve for studiet Faglærer i musikk.

#### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Høgskulen på Vestlandet er ansvarleg for prosjektet.

#### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Eg treng informantar som spelar i eit vaksenkorps i dag, og som tidlegare har vore medlem i eit skulekorps. Informantane må vera mellom 18 til 40 år. Eg vil spørje seks informantar som blir delt inn i to grupper til gruppeintervju.

#### **Kva inneber det for deg å delta?**

I dette forskingsprosjektet vil eg bruke gruppeintervju som metode. Seks informantar vil bli delt inn i to grupper. Gruppeintervjuet vil vera på ca. 45 minutt.

#### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

#### **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysingane dine**

Vi vil berre bruke opplysningane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Intervjuet vil bli tatt opp ved bruk av ei fysisk isolert maskinvare, ein lydopptakar. Datamaterialet vil bli transkribert og anonymisert i forskingsprosjektet. Når prosjektet er ferdig, vil lydopptaket bli sletta. Det er kun student Anna Nøstbakken og rettleiar David Thorarinn Johnson som vil ha tilgang til datamaterialet.

### **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?**

Vi behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Dine rettar**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

- Høgskulen på Vestlandet ved David Thorarinn Johnson, på e-post ([David.Thorarinn.Johnson@hvl.no](mailto:David.Thorarinn.Johnson@hvl.no)) eller på telefon: +46731407299.
- Vårt personvernombod: Trine Anikken Larsen, på e-post ([personvernombudet@hvl.no](mailto:personvernombudet@hvl.no)) eller på telefon: 55 58 76 82.

Dersom du har spørsmål knytt til NSD si vurdering av prosjektet kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på e-post ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller på telefon: 53 21 15 00.

Venleg helsing

Anna Nøstbakken  
(Forskar/student)

David Thorarinn Johnson  
(Prosjektansvarleg)

---

## **Samtykkeerklæring**

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet «Musikkglede frå skulekorps til vaksenliv» og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i gruppeintervju
- at Anna Nøstbakken kan bruke datamateriale frå gruppeintervju som ein del av forskingsprosjektet

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

---

(Signert av prosjektdeltakar, dato)